

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.04.2015015

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 92/15, 96/15, deretter i rekkjefølgje 93-102/15.

PRESENTASJONAR

Adm.dir. Herlof Nilssen frå Helse vest RHF orienterte om Helse Vest 2015.

Generalsekretær Tor-Anders Hanssen frå Norges Golfforbund (NGF) orienterte om "Golf og helse. Golf i det lokale og regionale folkehelsearbeidet – Hordalandsatsingen". Prosjektleder for Golf og Helse, Lise Bjørnstad og Kate Hege Nielsen frå NGF var også til stades.

OPEN TIME

Mona Røsvik Strømme sette fram slikt forslag:

"Geologberedskap
Fylkesutvalget ber om sak om vaktberedskap i forbindelse med ras."

Røysting

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Geologberedskap
Fylkesutvalget ber om sak om vaktberedskap i forbindelse med ras.

Sigbjørn Framnes spurde om ein er i rute med anbudsfristane i samband med trafikkplanen/rutestrukturen i Sunnhordland. Direktøren for Skyss, Oddmund Sylta, stadfesta dette. Det vil kome nærare informasjon i neste møte.

Silje Hjemdal spurde om det er mogleg å søkje om dispensasjon for bruk av "superbussane" mellom Bergen sentrum og Åsane, og når dette kan gjerast. Direktøren for Skyss svarte at dei to bussane vil kome tilbake frå oppgradering i Belgia i oktober. Deretter skal prøveprosjektet evaluerast. Det er ikkje høve til å søkje om evt. dispensasjon før dette er gjennomført.

Silje Hjemdal bad om få informasjon om kva som skjedde i den såkalla "russesaka" som har vore omtalt i media. Fylkesdirektøren for opplæring orienterte.

Inge Reidar Kallevåg sette fram slikt spørsmål til fylkesutvalet:

"Utsending av planforslag på høyring før formell behandling i fylkesutvalet.
Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er i slutfasen, og planlagt sluttbehandling er i oktober 2015.

For å vinna tid i høyringsrunden slik at kommunane kan få gi sine innspel til planen til rett tid, er det eit ønskje om at planen kan sendast ut før den formelt vert lagt ut på høyring av fylkesutvalet."

Fylkesutvalet slutta seg til dette.

Inge Reidar Kallevåg spurde om det er kartlagt evt. sviktande inntekter for bompengeselskapa i Hordaland på grunn av auken i talet på elbilar. Fylkesdirektøren for samferdsel vil leggje fram oversikt i eit seinare møte.

Inge Reidar Kallevåg sette fram slikt forslag:

"Ladestruktur for taxinæringa

Fylkesutvalet ber om ei eiga sak vedkomande ei styrking og utviding av tilbodet med ladepunkt for taxinæringa."

Røysting

Kallevåg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ladestruktur for taxinæringa

Fylkesutvalet ber om ei eiga sak vedkomande ei styrking og utviding av tilbodet med ladepunkt for taxinæringa.

Torill Selsvold Nyborg orienterte frå møte i CARE-North Plus.